

Parkering Straume – kortsiktig løysing i samband med bortfall av parkeringskapasitet

Alternativt forslag frå Sotralista-TVØ, Høgre, Frp og KrF

Ved bortfall av parkeringskapasitet som følgje av bygging av nye heildøgns plassar og Sotrasambandet, skal kommunen heilt eller delvis erstatte desse med nye parkeringsplassar, tilnærma alternativ 3 i saksframlegget. Erstatning for parkeringsplassar ved dei nye heildøgns plassane må vere bruksklar før riving av noverande parkeringanlegg. Dette blir å arbeide vidare med og kan til dømes innbefatte ei løysing der kostnader ved opparbeiding vert innlemma i prosjektet med nye heildøgns plassar.

Kommunestyret meiner det er naudsynt å sikre tilstrekkeleg tilkomst og parkering for ansatte, besøkande og pårørande både på kort og lang sikt. Soleis må arbeidet med ei kortsiktig løysing også i stor grad sjåast i samanheng med framtidig strategi- og planarbeid for Straume.

Kommunedirektøren skal likevel oppmode tilsette til å gå, sykle eller bruke kollektivtransport til jobb, og leggje til rette for dette, noko som også kan innebere formelle prosesser med dei tilsette for å lande rammene for bruk av kommunale parkeringsplassar. I arbeidet med parkeringstilhøva framover, skal det samstundes sjåast nærare på ei effektivisering av kommunale parkeringsplassar sett i lys av dagens trafikk- og mobilitetsutfordringar på Straume.

Kommunedirektøren kjem att med eit grovt kostnadsoverslag vedkomande alternativ 3 til Kommunestyremøte 13. februar 2025.